

Nyhetsbrev 2022 12

Søknad om produksjonstilskot

Da har startskotet gått for å levere inn søknad. Dersom du lurer på noko eller vil ha litt hjelp, ber me om at du tek kontakt i god tid før fristen 15.10. Alf Henning er tilbake frå ferie. Ta kontakt med han.

Søknad til regionalt miljøprogram (RMP)

Her er søkerfristen øg 15.10.2022. Les meir om ordninga og kva du kan søkje om [her](#). Me vil gjerne hjelpe dersom du har spørsmål og treng litt bistand – då kontaktar du og avtalar tid med Else Britt eller Tone.

Bruk av plantevernmidlar nær vassdrag

Vi minner om at det ikkje er tillate å bruke kjemiske plantevernmidlar nærmare enn 3 m frå opent vatn og vassdrag. Dersom me observerer at kantsona er nedvisna eller får informasjon om dette, så må me nødvendigvis gje trekk i produksjonstilskotet. Det skal alltid vera ei vegetasjonssone langs med bekke, så dersom ein visnar ned denne så er det også brot på regelverket. Landbruksdirektoratet har bestemt at det som utgangspunkt skal avkortast eit enkeltbeløp på 20 000 kr + 1 000 kr pr. løpemeter langs vassdraget.

Vegetasjonssona er viktig både i forhold til å redusere avrenning av næringsstoffa, samt at ei god og variert kantsone er viktig i forhold til artsmangfald, insekter og andre smådyr, som er viktige for naturen vår.

Kontroll av spreieareal

I samband med kontroll av søkerader om produksjonstilskot, kontrollerer kommunen ofte om regelverket for spreieareal er oppfylt. Når ein nyttar spreieareal hjå andre, er det viktig at det føreligg skriftleg avtale om spreieing av husdyrgjødsel hjå andre. Samtidig skal det kvitterast på at gjødsla er motteken hjå vedkomande. Innmarksbeite kan bara nyttast som spreieareal når arealet er godkjent til dette av kommunen. Utmarksbeite kan ikkje godkjennast som spreieareal, utan å fyrst verte opparbeida som innmarksbeite. Ta gjerne kontakt dersom det er behov for å få godkjent innmarksbeite til spreieareal.

Fortsett SMIL- og dreneringsmidlar igjen

Det er midlar igjen for søkeråret 2022, både for [SMIL](#) – og [dreneringstilskot](#).

Vi oppfordrar til å sende søkerad dersom du har eit godt prosjekt. Vedlikehald av renseparker blir prioritert – tilskot er inntil kr. 20.000. For systematisk grøfting er tilskotet kr. 2.500 pr. daa. Ved anna grøfting kan det gis 38 kr. pr. løpemeter grøft, begrensa til maks kr. 2.500 pr. daa. Kontakt Alf Henning når det gjeld drenering og Tone eller Karin når det gjeld SMIL-søkerader.